

Kyrkjeblad for Fjaler

nr.1 mars 2013
71. årgang



God påske!

Han sto opp før dagen demret;
ut av natt brøt lyset fram.
Kristus lever, han har seiret;
evig lever vi med ham.

John Bell / Graham Maule / Sven Aasmundtveit

Tilgjevinga si kraft

Ein sjukehusprest hadde ein gong i månaden nattverd- messe på ein pleieavdeling kor nokre av pasientane var sterkt reduserte. Der inntraff det i blant underlege episodar.



Så var det ein gong at presten, under utdelinga av nattverden, blei merksam på ei dame som knelte ved altarringen. Ho opna handveska og portemonéén, og fann fram ein 5-krone som ho heldt klar. Då presten sa til henne: "Dette er Jesu lekam," spurde den gamle: "Kor mykje kostar det?"

Presten er glad når han fortel at Gud i den augneblinken gav han visdom til det einaste rette svaret: "Det er allereie betalt."

Tilfreds med dette svaret, la dama mynten tilbake i portemonéén og tok imot sakramentet.

I liturgien kunne vi gjerne tatt med denne replikkvekslinga:

"Dette er Jesu lekam."

"Kor mykje kostar det?"

"Det er allereie betalt."

I Lukasevangeliet, kap 7, er det ei vakker forteljing om tilgjeving. Jesus er invitert heim til farisearen Simon på eit måltid. Og som skikken var, pleide dei å ligge og ete. Det er då ei kvinne kjem og tek plass ved Jesu føter. Med seg har ho ei alabastkrukke med veldig kostbar salve. Ho gret, og tek til å væte føtene til Jesus med tårene sine og tørke dei med håret sitt. Ho kysser føtene hans og smør dei inn med salven.

Det står: "Då farisearen som hadde bede han heim, såg det, tenkte han med seg: Var denne mannen ein profet, visste han kva slag kvinne det er som tek i han, at ho lever eit syndefullt liv."

Det er då Jesus fortel ei historie om ein pengeutlånar som hadde lånt ut pengar til to menn. Den eine hadde lånt mykje pengar, den andre lite. Då dei ikkje kunne betale tilbake, ettergav han dei begge skulda. Simon skjønner at den som fekk ettergitt mest pengar, sannsynlegvis ville vere mest takksam.

Jesus seier til farisearen: "Difor seier eg deg: Dei mange syndene hennar er tilgjevne, difor har ho synt stor kjærleik. Men den som får tilgjeve lite, elsker lite."

Og det står vidare: "Så sa han til kvinna: Syndene dine er tilgjevne. Då tok dei andre gjestane til å tenkja med seg: Kven er han, som jamvel tilgjev synder. Men Jesus sa til kvinna: Trua di har frelst deg. Gå i fred."

Eg trur det finst to slag tilgjeving. Den eine sorten tilgjeving er den vanlege, den menneskelege. Eg føler kanskje eg må gjere noko for å rette opp det gale eg har gjort, kanskje kjøpe blomar til nokon. Tilgjeving er å få plassen tilbake i fellesskapen. Saman med dei andre.

Den andre forma for tilgjeving har med påska å gjere. Det er Gud som tilgjev. Av rein nåde. På grunn av Jesus. Han krev ikkje at eg gjer noko som helst. Det som skal gjerast, har Jesus gjort.

Skjærtorsdag åt Jesus eit avskilsmåltid med læresevneane. Medan dei sat ved bordet, gav han dei brød og vin. Samtidig gav han dei på ein måte seg sjølv. Og han gav dei tilgjeving.

Langfredag døydde han på eit kross etter at han blei anklaga for å spotte Gud. Før han døydde, bad han Gud tilgje dei som drap han. Samtidig gav han sitt liv for dei. Han døydde for dei og alle andre syndarar.

Påskedag fann nokre kvinner ei tom grav. Ein engel fortalde at Jesus var stått opp frå dei døde. Gud gjorde det umoglege.

Å vere ein kristen, er å gå inn i denne historia – gje seg over til den – slik at Jesus-historia blir mi historie.

Knut Arne Kummeneje

På kyrkjebakken

DALE BARNEKOR TAKKAR

Dale bygdekvinneleg, Norsk Tipping (Grasrotandelen), Sunnfjord Energi, Brødrene Dahl, Fjaler sokneråd, Sparebankstiftinga i Fjaler, Fjaler kommune v/ kulturmidlar, Fjaler helselag, Lions Club Fjaler og Ung Kirkesang (Frifondsmidlar og prosjektstøtte) for støtte i 2012.

DO RE MI BARNEKOR

takkar også alle som har gitt støtte til koret, med særleg takk til alle som har gitt grasrotandelen sin frå Norsk Tipping til koret.

MUSIKKGUDSTENESTER I PÅSKA

I Guddal kyrkje palmesundag

kl. 11.00, er det songgudsteneste med festlege songar framførte av Guddal familiekor med "palmegreiner" – som fortel om Jesu inntog i Jerusalem denne dagen. Barn frå 3. årssteget får påskeboka.

På langfredag i Dale kyrkje får du oppleve solosong v/ Joy Taylor.

1. påskedag er den tradisjonelle **høgtidsgudstenesta** kl. 11.00 med flott song av Cantus med solistar Marie Skadal og Leif Gunnar Igelkjøn.

Folkestad kapell høgtidsgudsteneste **1. påskedag** kl. 19.30. Egil Furenes

gjer gudstenesta spesielt høgtideleg med hardingfelemusikk. Før gudstenesta spelar kantor Mark Taylor ein kort orgelkonsert med variasjonar over påskesalmen "Deg være ære". Konserten byrjar **kl. 19.15**.

VÅRKONSERT MED DO RE MI

Sundag 14.

april inviterer Do Re Mi til barnas påsegudsteneste og vårkonsert i Folkestad kapell kl. 16:00. På

repertoaret står mange kjende påske- og vårsongar. Utdeling av påskeboka til 3. årssteg, og kor-medlemene får utdelt diplom og pins. Vel møtt!



PALMELAUDAGSBASAR

Misjonsbasar 23. mars kl. 15.00 på Ljosheim.

Håland misjonsforeining ønsjer deg velkommen til den årlege misjonsbasaren på Palmelaurdag. I år blir misjonskonsulent Ingvald Andersen Frøyen i Det Norske Misjonsselskap (NMS) med. Som vanleg er det mange fine vinstar på hovudlotteri og på åresal. Det vert matøkt med gode kaker. Foreining-

smedlemene håpar du tek ettermiddagskaffien saman med dei og støttar opp om misjonsbasaren.



SYNG-MED-OSS I DALE

Cantus inviterer til den årlege "Syng-med-oss" kvelden i Dale kyrkje søndag 28. april kl. 19:00. På programmet vil vere salmar, nokre av Elvis sine gospelsongar og litt Jakob Sande – eit utdrag frå den populære konserten koret heldt i Balestrand i fjor. Vi avsluttar stunda i kyrkja med ei kort kveldsbøn, så samlast vi på Ljosheim der koret serverer kveldsmat. Vel møtt!

HJARTELEG TAKK FOR GÅVE!

Vi takkar Dale bygdekvinneleg for gåva på kr. 1.000 til Laurdagsklubben i Dale og for kr. 3.000 til Ljosheim.

BLADPENGAR

Bankkontonummeret til Kyrkjeblad for Fjaler er: 3741.20.73135. Sjølv om dei fleste nyttar nettbank – fortsett vi med å leggje ved bankgiro i påskenummeret av bladet. I fleire år har vi oppmoda om at du som bur i Fjaler betaler kr. 150, men i år tørr vi be om ein litt større sum kr. 175. Utgifter til trykking og ikkje minst porto aukar. Av innbetalingane ser vi at mange også betaler meir, og vi takkar hjarteleg for alle innbetalingar. Bur du utanom Fjaler og ønsjer kyrkjebladet tilsendt i posten, må du skrive namnet og adressa di på innbetalinga og betale kr. 200.

Inntekter - Kyrkjeoffer / billettinntekter og fasteaksjon:

| | 2010 | 2011 | 2012 |
|--|--------|--------|--------|
| 1 Offer / kollekt eige arbeid | 30 151 | 37 809 | 33 682 |
| 2 Kollekt / billettinnt. Fond for kyrkjemusikk | 30 428 | 35 295 | 14 833 |
| 3 Offer til lag og organisasjonar | 56 551 | 58 295 | 45 462 |
| 4 Offer til bedehusapella/Guddal familiekor | 5 417 | 5 367 | 5 834 |
| 5 Offer til Misjonsprosjektet | 19 552 | 22 726 | 23 242 |
| 6 Offer til Kirkens Nødhjelp | 17 803 | 23 318 | 18 894 |
| 7 Fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp | 35 351 | 37 414 | 41 410 |

Av tabellen ser vi at Offer/kollekt til eige arbeid har gått ned i høve året før. Offerinntekt er det som finansierer trusopplæringsmateriell som vert delt ut gjennom året. Offer til Lag og organisasjonar har også hatt ein kraftig nedgang. Det er eit aukande problem at folk ikkje lenger har kontantar, og det kjem ein truleg til å merke meir og meir framover.

Førebels så held Misjonsprosjektet og Kirkens Nødhjelp "stand". Særleg var resultatet frå konfirmantane sin Fasteaksjon veldig bra, men så var det også rekordmange konfirmantar dette året. Det var lite konsertaktivitet dette året, hovudfokus var på trusopplæring.

Andaktar på Fjaler sjukeheim



Sokneprest Lilja Kristin Thorsteinsdottir leiur andakten. "Altaret" er pynta med blomster og lys.

Dei faste andaktane annakvar veke er eit godt tilbod for dei eldre. Det er fokus på Guds ord, song, musikk, sosial samvær og samtale. Det er godt oppslutnad på andaktane, som oftast kjem mellom 15-25 mennesker, i hovudsak bebuarar på heimen, men også ein del som bur i omsorgsbustadane omkring sjukeheimen. Nokre kjem også frå heimane sine rundt omkring i bygda. Andaktane er eit resultat av erkjenninga om at dette er eit sterkt ynskje og behov hos mange av dei som bur på heimen. Mange av dei som kjem har vore trufaste kyrkjegjengarar i mange år og det er tydeleg at å gå på andakt er meningsfylt og viktig for dei. Andaktane er også ei god anledning for sokneprest og kantor å halde tett og jamn kontakt med dei som bur der og sette seg saman rundt kaffibordet og dele litt tid med dei som gjerne vil ha nokon å snakka med. Det å ha sosialt samvær med andre, er viktig for å ha ei god helse.

På Fjaler sjukeheim er det andakt annakvar tysdag, kl. 15.45 og alle er velkomne!



Frå venstre: Egil Lutentun, Bjørg Solheim, Gitta Laukeland, Ludvik Steinseth, Nordis Borthheim, Petra Eilertsen og Ruth Bakkebø.



Frå venstre: Edvin Einen, Astrid Brendehaug og Bjørg Borthheim.



Frå venstre: Zinaida Yndestad (bak), Liv Rongevær, Klara Iglund, Magna Fosnes.

Ljosheim har fått nye vindauge

Alle vindaugsrekkjene i forsamlingshuset Ljosheim i Dale er no blitt skifta. Ljosheim som vart bygd på 60-talet har fått bytta ut dei gamle "ledda" vindauga med nye kvite vindauge med termoglas. Etter at dei første vart skifta før jul i 2011, vart dei siste skifta no i januar. Totalt kosta vindauga 265.000 kr, og var såleis eit stort "løft" for Ljosheim, som i tillegg til tilskot frå Sparebankstiftinga på 25.000 kr (2011) og 40.000 kr (2012), har nytta oppsparte midlar.



Vi håper nye tette vindauge vil merkast på straumrekninga.



I gangen har vindauga blitt mindre.

Rullestolrampe og ny hovudinngang på Ljosheim – Universell utforming

Rullestolar og gåstolar har vanskeleg med å ha tilgjenge til hovudetasje på Ljosheim. Som kjent, og som bildet syner, har vi ei innvendig trapp som set ein stoppar for det. Slik kan vi ikkje ha det lenger, difor er det naudsynt med både rullestolrampe og ny trapp. **For å få realisert det nye store prosjektet trengst både dugnadsinnsats, tilskot og "sponsing".**

Nok eit godt resultat for Ljosheim-basaren – hjarteleg takk!

Laurdag 9. februar var det igjen fullt hus på Ljosheim ved den årlege basaren. Vi er svært takksame for alle som støtta opp om basaren med gevinstar, loddosal, loddkjøp, baking av kake og god hjelp også på sjølve basaren. 45.384 kr er sett i banken. Igjen takkar vi Hilda Haugen og alle hennar medhjelparar.

Universell utforming handlar om å skape eit meir inkluderande samfunn. Det skal ikkje vere spesialtilpassing til enkeltpersonar eller grupper, men løysingar som sikrar god tilgjenge og er brukande for alle. Tilgjengelegheit for personer med nedsett funksjonsevne er sentralt. "Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven" som trådte i kraft 1. januar 2009, stiller krav til universell utforming for å sikre likestilt deltaking for alle.

Bilde inngang

"For å få til universell utforming, må vi ha utvendig rullestolrampe. Då lyt vi heve inngangsdøra ca. 70 cm og også ha utvendig rapp. Den innvendige trappa er tenkt fylt opp med støypt plate oppå"



Ljosheim forsamlingshus bankkontonr: 3741.20.36701. Merk innbetalinga med "Universell utforming Ljosheim". Merk at du kan om du ønskjer det få skattefrådrag for gaver som utgjer mellom 500 kr og 12 000 kr i løpet av et år. Du må då skrive fødselsnr. på innbetalinga.

Fasteaksjon med fokus på forbilde

Martha Gezahegn (28) selde kroppen sin til framande menn. No er ho gift, mamma og lærar for andre tidligare sexarbeidarar i Etiopia. Ho er eitt av forbilda som utfører norske kyrkjelydar sitt internasjonale diakoniarbeid. Vi har sett det før, i dei nattemørke gatene heime i Oslo og i byar over heile verda: Ei kvinne som forhandlar med ein framand mann om prisen på det mest sårbare ho eig. Ei jente som gjev bort ein liten bit av seg sjølv i byte mot ein bunke skitne sedlar, natt etter natt, til det ikkje er meir att å gje. Eller til ho møter ein engel som ikkje vil ha noko frå henne, men som tilbyr henne håp. Eit nytt liv.

Gjev håp

– Ei natt kom det nokre menneske bort til meg på gata, og ein av dei gav meg ein liten papirlapp. Det var ein invitasjon til lunsj på eit senter som heitte Nytt liv. Det hadde aldri falle meg inn at det kunne finnast noko nytt liv for meg. Dei fortalde meg at Gud framleis elska meg, men eg trudde ikkje det kunne finnast ein slik kjærleik, fortel Martha Gezahegn. Martha fekk verkeleg eit nytt liv gjennom senteret som blir drive av Mekane Yesus, den evangeliske kyrkja i Etiopia. Kyrkja sin diakonale organisasjon er ein av Kirkens Nødhjelps lokale partnerar. Kvart år får 60 nye jenter bli med inn i eit toårig program som gjev dei eit underhaldsbidrag, yrkesopplæring, helsehjelp og terapi.

Takkar norske kyrkjelydar

Buro Durje er aktiv i den lokale kyrkjelyden i Kazanchis-bydelen i Addis Ababa og som frivillig på Nytt liv-senteret. Han ser på kyrkjelydane i Norge og Etiopia som jambyrdige partnerar i arbeidet:

– Gjennom den diakonale tenesta blir vi utfordra til å synleggjere Guds kjærleik der han verkar mest fråverande. Det er ein stor inspirasjon å vite at kyrkjelydar i Noreg er med oss i dette arbeidet på sin måte. Gjennom Kirkens Nødhjelp opplever vi eit sterkt samband med brørne og søstrene våre i Noreg. Eg vil gjerne få takke alle som tek del i prosjektet vårt gjennom å arrangere Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!

Saman forandre

Gjennom årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp setje fokus på menneske som forandrar verda. Vi vil fortelje historiene om nokre av dei som i prosjekta er med på å gjennomføre norske kyrkjelydar sitt internasjonale diakonale arbeid i praksis. Gjennom film, historier og bilete vil vi sjå korleis både naudhjelpsoperasjonar, langsiktige utviklingsprosjekt og arbeidet med å påverka dei som styrer er forankra i lokale behov og løysingar, og i den verdsvide kyrkja sitt diakonale oppdrag.

– Kirkens Nødhjelp har ein naturleg plass i den verdsvide kyrkja, og det handlar om mykje meir enn berre identitet, seier generalsekretær Anne-Marie



Helland. Ho utdjuar:

– Det er nettverket vårt av kyrkjer og trusbaserte organisasjonar i Noreg og verda over som gjer oss unike, som gjer at vi saman kan skape så stor forandring. Over alt der det er menneske, finst det ei kyrkje – eller ein moské, ein synagoge eller eit tempel. Det gjev oss innpass der få andre har tilgang. Det gjev oss høve til å utfordre religiøse leiarar om tradisjonell praksis slik som kvinneleg omskjering. Saman med lokale partnerar kan vi skape verkeleg og varig forandring. Og saman med nesten 40 000 konfirantar og ei mengd frivillige i 2000 norske kyrkjelydar gjer vi fasteaksjonen til ein av våre største nasjonale dugnader. Det gjer oss utroleg stolte og veldig audmjuke!

Frå fornedra til forbilde

Etter at Martha sine to år i Nytt liv-programmet var omme, blei ho spurd om å halde fram på senteret som lærar. Ho møtte Esubaleu i kyrkja, gifta seg og blei mor til Nathanael. For henne blei familien eit handfast prov på den kjærleiken som er så vanskeleg å forstå.

– Jobben min er å lære jentene opp i eit praktisk kunsthåndverk som kan sikre dei eit levebrød. Men den viktigaste lærdomen eg kan gje dei, er at dei er elska av Gud. Eg har delt fornedringane deira, og no er eg eit forbilde som kan vise kor sterk kjærleikens makt er

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

17.–19. mars

Vi møter kvardagsheltar i Kirkens Nødhjelp sine prosjekt over heile verda. Dette er menneske som er fødte på feil side av urettferda. Men dei vil forandre verda, og dei veit korleis. Dei er forbilde. Med årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp fortelje historiene til nokre av disse forbilda. Arbeidet vårt byggjer på kunnskapen og engasjementet deira. Dei sikrar berekraftige løysingar som er forankra i lokalsamfunnet. Dei får det til! Støtta frå norske kyrkjelydar gjev forbilda høve til å skape verkeleg og varig forandring. For seg sjølv, for andre og for kvarandre.

Pengane som blir samla inn går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda.

Støtt aksjonen direkte ved å:

- o nytte kontonummer 1594 22 87493
- o sende GAVE på sms til 2468 (200 kroner)
- o Ringje gjevartelefon 820 44 088 (200 kroner)



Er det Jesu likklede?

Jostein Andreassen er forfatter av boka "Likkledet i Torino – Et tegn for vår tid", som kom ut på Luther forlag i 2011. I denne tankevekkjande artikkelen deler han av den 30-årige interessa si for likklede.

Våren 2010 blei det som kallast Likklede i Torino, stilt ut i domkyrkja der i byen, lengst nordvest i Italia. I løpet av vel ein måned kom det to millionar menneske frå heile verda for å sjå det, mellom anna også undertekna. Dette var ei svært sterk oppleving. Under utstillinga i 1978 kom det 100.000 kvar dag i 35 dagar!

Dette likklede er vevd av lin. Det er vel 4x1 meter i storleik og viser eit avtrykk av ein korsfesta og tornekrona mann. Det er ekte blodflekkar på kledet etter mange sår i hovudbotnen, han har skrubbsår i panna og på knea som viser at han har ramla. På ryggen er det merke etter ca 120 piskeslag. Det er sårmerke i handledda og i føtene og merke etter eit stort sår mellom 5. og 6. sidebein, akkurat så stort som eit romersk spyd.

Dette likklede er i særklasse det objektet i verda som har blitt mest undersøkt vitenskapelig. Mange meiner at det er likklede som Jesus frå Nasaret vart lagt i. Har dei rett?

Løyndomen ved blomsterstøvet


Alt i 1973 hadde den sveitsiske professoren, Max Frei-Sulzer, teke pollenprøver frå kledet som han brukte dei neste to åra på å analysere. Frei-Sulzer hadde teke doktorgrad på blomsterstøv, og han visste godt at kvar einskild blomsterart har ei eigenarta utsjånad på pollenet sitt. Dette fyk rundt overalt i vinden i blomstringstida.

Frei-Sulzer fann med mikroskopet sitt om lag 50 ulike slag av pollen, og desse blomsterartane kunne han etter kvart slå fast at stamma frå Torino-området, Sør-Frankrike, Istanbul-området, Urfa-området i Sør-Tyrkia og Jerusalem. Dette var heilt i tråd med korleis historia fortel kor likklede har vore.

I 1988 fekk ein gjort ei C-14-datering av kledet, og då kom dei fram til at likklede stamma frå år 1260-1390. Med andre ord var kledet falskt! Men i ettertid er det prøva at denne prøva blei teken frå eit hjørne på kledet som viste seg å være reparert etter ein brannskade i 1532. Det var med andre ord den innvovne lappen dei tidfesta!

Men la oss nå tenke oss at ein svindlar fikk laga dette kledet ca år 1300. Da må han ha vore utruleg dyktig. Han må ha funne opp fotograferingskunsten 530 år tidlegare enn det vi kjenner til. Biletet av personen på kledet er nemleg som eit fotografisk negativ.

- Svindlaren må ha oppdaga blodomlaupet 330 år før William Harvey. Vene- og arterieblod finst på dei riktige stadane på kroppen.
- Han skal på ein genial måte ha greidd å plassere ca 120 slagmerke av ei romersk pisk på kledet. Det er så nøyaktig gjort at ein kan sjå av mønsteret at den eine som slo, har vore litt høgare av vekst enn den andre.
- Svindlaren har skapt eit bilete på ein for oss ukjent teknisk måte – det er utan retningsstrok og kan best oppfattast på fem meters avstand. Biletet er tredimensjonalt. Kven kunne laga eit slikt bilete for 700 år sidan?
- Han må ha fått tak i romerske myntar, "leptonar", frå år 29 og 30 og lagt dei på augo av figuren. Ein kan lesa delar av innskrifta TIBERIOU KAISAROS ("tilhøyrande keisar Tiberius", som var keisar på Jesu tid).
- Svindlaren må ha utstyrt kledet med ulike typar pollen frå fleire stader rundt Middelhavet. Dette var 300 år før mikroskopet blei funne opp. Korleis kunne ein person på 1300-tallet vita at kvar einskild planteart har pollen med ei heilt særmerkt utsjånad? Ein må nemleg mikroskopere dette 100-1000 gonger for å kunne sjå det.
- Det finst ei mengd av store og små blodflekkar på kledet. Desse har



størkna og klistra seg til hår og hud på mannen. Men alle viser seg ved omhyggelig mikroskopering å vera "urørte". Kledet har ikkje blitt rive av for å fri han frå det. Den korsfesta mannen har rett og slett "forsvunne" ut av kledet og lete att eit avtrykk på stoffet.

- Vi kjenner bare ein einaste person gjennom heile verdshistoria som både blei korsfesta og tornekrona: Jesus frå Nasaret.

Vi kunne ha gjort lista lenger med mange andre detaljar som sannsynleggjer at kledet er Jesu eige likklede. Stadig fleire personar interesserer seg for kledet, og det fins masse stoff om det på internett. Ein god stad å starte er www.shroud.com.

Fordi vitenskapelige undersøkingar blir sanningsvitne om Jesu oppstode, er Likklede i Torino blitt eit teikn for tida vår. Vitenskap og tru ser faktisk ut til å gje same svaret! Det gjer i alle fall meg nysgjerrig.

Jostein Andreassen
jostandr@broadpark.no

Vi tek med nokre bilete frå gudstenesta i Dale 20. januar ...



Medliturgar Ingvild, Aud og Frank stiller opp for inngangsprosjonen, saman med dåpsfølgjet og Knut Arne.



Vesle Eiril blir "døyp inn i Kristi kyrkje og vår kyrkjelyd," som det står i dåpsliturgien.



Pål, Frank, Aud, Ingvild og Benjamin dramatiserer preiketeksten om Jesus som 12-åring i templet (Luk 2, 40-52).

Medliturgane viser rørslane i bønnesalmen "Ver meg nær, O Gud."



... og frå Guddal, 3. februar.

Konfirmant Jenny og minikonfirmantar Ida Helen og Benjamin Mikael leiar 5-teiknsbøna:

*Kjære Gud, du er hos oss.
Tenn ditt lys i oss.*

*Kjære Jesus, du går med oss.
Lat oss få leva i din fred.*

*Kjære Gud, du ser oss.
Ta imot våre tankar og stille bønner.*

*Kjære Jesus, du tek våre hender i dine.
Lei oss på din gode veg.*

*Gode Heilage Ande, takk for at vi ikkje er åleine.
Hjelp oss å sjå kvarandre med kjærleik.*



Sølvi Ann og Gunn står klare med kyrjekaffi.



Påskesalmen: Guds kyrkje, syng kring vide jord

*Guds kyrkje, syng kring vide jord:
Sjå, siger vann vår konge stor.
Gled dykk ved dette signa ord!
Halleluja, halleluja, halleluja!*

*Mot livsens helt, som ris or grav,
vår lovsong stig som brus av hav:
Pris han som evig fridom gav!
Halleluja, halleluja, halleluja!*

*I jubel hjarto takkar han
som sleit med velde Satans band
og vart oss liv i dødens land:
Halleluja, halleluja, halleluja!*

*Til samstemt kvad vi strengen slår:
Deg vere ære, Frelsar vår!
Mot paradisi di heimferd går.
Halleluja, halleluja, halleluja!*

Lite nynorsk i påsketida!

Det er relativt få påskesalmar på nynorsk. I avsnittet "Påsketida" i Norsk Salmebok 2013 er det 12 salmar på nynorsk, mens 22 er på bokmål. Alfred Hauge ynskte å gjere noko med dette og gav oss salmen "Guds kyrkje, syng kring vide jord".

"Ein god diktar"

Historia til denne salmen starta under reformasjonen. Michael Weisse (1488-1534) blei katolsk prest, seinare fransiskanarmunk i Breslau, men i 1518 forlét han klosteret og slutta seg til dei bøhmiske brørne. Fem gonger i åra 1522-24 vitja han Luther. Dei bøhmiske brørne song berre på tsjekkisk, og dei tysktalande kyrkjelydane ynskte å syngje salmar på sitt eige språk. I 1531 gav Weisse ut den første tyske brødersalmeboka, *Ein New Gesängbuchlen*, der denne påskesalmen "Gelobt sei Gott im höchsten Thron" stod med heile 20 strofer! Luther kalla Weisse ein god poet.

Danserytmar inn i kyrkja!

Weisse og dei bøhmiske brørne brukte ein melodi frå 1300-talet til den nye tyske salmen, men i 1609 gav kantor i Weimar, Melchior Vulpius (1560-1615 – ein av dei viktigaste dålevande protestantiske komponistane) ut sin melodi til salmen i *Ein schön geistlich Gesangbuch*. Det er denne melodien vi bruker i dag. Han

Den gamle altartavla i Dale kyrkje, laga i 1620, er nesten like gamal som melodien vi brukar til denne salmen.

har eit dansande preg med synkoper i versa og ein punktert rytme i halleluja-ropa som forsterkar det glade uttrykket. Vulpius brukte desse italienske ballettrytmene i sine salmetonar for å friske opp den tyngs tyske salmesongen!

Påskesalmen til Noreg

Den engelske presten, Cyril Alington (1872-1955), omsette salmen fritt til engelsk mens han var rektor ved Eton College. (Han var samtidig kapellan til Kong Georg VI!) *Good Christian friends, rejoice and sing!* blei først offentleggjort i salmeboka *Songs of Praise* i 1931. Den norske forfattaren, Alfred Hauge (1915-86) likte den engelske gjendiktinga og laga si nynorske omsetjing i 1960, mens han var medlem av salmeboknemnda som sat 1954-68. Salmen kom først på trykk i *Vår Kirke* nr 33, i 1966. I *Utkast til felles salmebok 1968* heitte salmen "God kristenmann, syng vidt om jord", men riktig nok vart teksten endra til "Guds kyrkje" for å inkludere heile kyrkja, både menn og kvinner, og slik stod salmen i *Salmer 1973* og *Norsk Salmebok 1984*. Sjølv om "Guds kyrkje, syng" er nær 500 år gammal og har vore sunge i 40 år i Noreg, er han framleis opplevd som ein "ny" salme hos oss!

Halleluja – lov Herren!

I denne påskesalmen tilber vi den oppstadne Kristus, og kvart vers sluttar med eit trefaldig halleluja-omkvad. "Hallelu" er hebraisk for "lov, pris eller lovsyng". "Jah" er korforma av Jahve, som vi omset til norsk som "Herren".

I første verset hyller vi Jesus som konge.

I vers to syng vi at Jesus "ris or



grav" (dvs. sto opp frå grava) og at han gav oss evig fridom. Uttrykket "lovsong som brus av hav" er henta frå salmane som lovsyng Gud som konge, t.d. Sal 96,11 og Sal 98,7: "Havet og alt som fyller det, skal brusa". Før Jesus stod opp, hadde Satan bunde menneske til døden, men Jesus gir oss liv i dette "dødens land". Difor takkar vi Jesus i 3. verset for evig fridom frå døden.

I siste verset ser vi mot Jesus si himmelferd som er krona til påskesigeren. "Til samstemt kvad vi strengen slår" er eit uttrykk som refererer til dei mange gamlestamentlege utsegnene om song til strengeinstrument, og no i vår tid har den kristne kyrkja igjen tatt i bruk strengeinstrument som gitar, hardingfele og fiolin for å ære Gud.

Lov han med trommer og dans. Lov han med strengespel og fløyte. Halleluja! Sal 150,4 MT

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

FJALER SOKN ÅRSRAPPORT – utdrag

GUDSTENESTE og gudstenestefeiring

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|------|------|------|------|
| Gudstenester – totalt i Fjaler | | | | |
| inkludert barnehage- og skulegudstenester | 84 | 78 | 86 | 87 |
| Gjennomsnitt framømte gudsteneste | 78 | 80 | 84 | 78 |

Gudstenester og trusopplæring

Siterer biskopen frå godkjenningbrevet:

“Det er førebileteleg at de så tydeleg går inn på kva den lokale trusopplæringa har for fylgjer for gudstenestelivet, og at de ser på misjon, diakoni og kyrkjemusikk når de tenkjer strategi omkring gudstenestene.”

Ved dåpen blir det lagt vekt på å involvere dåpsfamiliene under gudstenesta, mellom anna med tekstlesing. Gudstenesta har ein sentral plass gjennom heile trusopplæringa, og så å seie kvart tiltak munnar ut i ei gudsteneste. Å førebu og øve til ei gudsteneste står sentralt i Fjaler si trusopplæring. Den nye liturgien har gitt meir rom for deltaking, og i trusopplæringsarbeidet arbeider vi heile tida med å gjere barn og unge til aktive deltakarar i gudstenestefeiringa. I kombinasjonen mellom dei kontinuerlege tiltaka, særleg korarbeid, og dei avgrensa trusopplæringstiltaka, har vi funne ein plattform til samarbeid og inspirasjon. Gjennom song og musikk, i leiinga av liturgiske ledd, bøn- og tekstlesing, dramatisering og medliturgteneste, har vi gjort oss gode erfaringar med at barn og unge verkeleg tykkjer dette er kjekt å vere med på.

Nattverd

Med undervisning om – og fokus på nattverdsfeiring gjennom fleire år, og innføring av ny liturgi, har nattverdsdeltakinga i heile Fjaler auka kraftig. Auken har vore størst i ytre Fjaler. Frå 1. søndag i advent har vi, i samsvar med kyrkjemøtevedtak, berre brukt glutenfrie nattverdsoblat.

Livsriter

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|------------------------|------|------|------|------|
| Dåp - busette i Fjaler | 22 | 32 | 21 | 21 |
| Konfirmant | 33 | 28 | 40 | 33 |
| Vigsel | 3 | 4 | 4 | 6 |
| Gravferd | 35 | 29 | 30 | 34 |

Dåp: I tabellen står dei som bur i Fjaler. I tillegg har vi årleg nokre dåp der foreldra kjem “heim” til Fjaler og døyper barna sine (7 barn). Vi har også nokre som bur her og døyper barna andre stader. Foreldre har dåpssamtale i det soknet dei bur. Om lag 95 % vel å døype barna sine.

Konfirmant: 2012 er det siste året med stort konfirmantkull på nokre år.

Vigsel: Tal vigslar har auka litt. Brudeparet har vigselstale med den presten som skal vie dei, og har og kontakt med kantor om musikken i vigselen. Det vert lagt til rette for at brudeparet kan vere delaktige i planlegginga av seremonien.

Gravferd: Tal gravferder held seg på gjennomsnittet. Alle

ønskjer orgelspel i kyrkja før gravferds-seremonien startar. Pårørande nyttar alltid gravferdsbyrå ved avvikling av gravferda. Gravferdsbyrået gjer no alt som pårørande tidlegare gjorde sjølv før og ved gravferda. Eventuell soloinnslag er det og gravferdsbyrået som ordnar med for dei etterlatne.

Ved dødsfall har pårørande samtale med prest. Når presten vert spurt om å vere til stades ved visning/båreandakt og minnesamvær, prøver presten å finne tid til dette. Men i det siste har etterspurnaden til å ha båreandakt minka.

Trusopplæringstiltak “Saman i trua, saman i kyrkja”.

Auka trusopplæring har ført til auka kontakt med heimane og det har vore positivt. Forelda er utfordra til å følgje barna sine på dei ulike trusopplæringstiltaka og veldig mange er positive. Også i korarbeidet stiller foreldre villig opp til ulike oppgåver. Salmesong, korsong, musikk og liturgi går som ein raud tråd gjennom alle trusopplæringstiltaka.

Dåpsfase med dåpssamtale (0 år)

Kyrkja får informasjon om fødte barn der minst ein av foreldra er medlem, og vi sender så ut invitasjonsfoldar om dåp. Ved dåpssamtalen får foreldra: dåpsperm med informasjon om dåpen, trusopplæringa, gudstenesta og kva dei sjølv kan gjere som “trusopplærarar”, ei innramma kveldsbøn til å hengje over senga, samt ein CD med kristne barnesongar.

Babysong (0-1 år)

Dette er eit tiltak i samarbeid med kulturskulen og helsestasjonen, der ei familiesamling vår og haust er på Ljosheim. Denne hausten var det så mange barn at alle dei 12 samlingane var på Ljosheim. Det er over 100 % oppslutnad om dette tiltaket.

Dåpshelsing 1, 2 og 3 år etter dåpen (1-3 år)

Helsingane handlar om dei kristne høgtidene og korleis ein kan feire dei. Arka som dei mottek i posten er meint å setjast inn i dåpspermen.

4 års-bok (4 år)

2 samlingar inkludert gudsteneste. Første samling med øving til gudsteneste der dei deltek og får 4-årsboka. Barna får den første kjennskapen til bibelforteljingane, salmesongen og gudstenesteliturgien. Vi ønskjer å vise at vi er ei inkluderande kyrkje med plass til alle. Opplegget blei gjennomført i Dale, Guddal og ytre Fjaler. Oppslutnaden var 89%. 25 barn var med på opplegget og fekk 4 års-bok.

Dåpsskule (6 års-bok)

4 samlingar inkludert gudsteneste. Samlingar med øving til gudsteneste – medverknad i gudstenesta der dei får 6-årsboka. Sentrale tema er Guds kjærleik, bøn, nattverd og gudstenesteliturgi (prosesjon, drama og forbøn). Opplegget blei gjennomført i Dale, Guddal og ytre Fjaler. Oppslutnaden var 93%. 26 barn var med på opplegget og fekk 6 års-bok.

Påskevandring (8 – 9 år) Påskebok

2 samlingar inkludert gudsteneste der dei får “Påskeboka”. Påskevandring der ein har dramatisering, har påskemåltid og syng salmar/songar. Barna lærer om dei fire viktigaste

dagane i påska og om det som skjedde etter påske – beretningane om tvilaren Tomas og frå Tiberassjøen. Opplegget blei gjennomført i Dale, Guddal og ytre Fjaler med total oppslutnad på 78 %. I Dale deltok 26 barn – 90%, i Guddal deltok 5 barn – 100% og i ytre Fjaler deltok 3 barn – 50%. I Guddal og ytre Fjaler, der årskulla er små, samlar ein fleire årskull.

GT- Gudsteneste- agentane (9 år)

2 samlingar inkludert gudsteneste. Fokus er på gudsteneste. Barna lærer gangen i gudstenesta, dei faste liturgiske songane, bønene og dei bibelske bakgrunnane for desse. Dette for å vere bevisste gudstenedeltakarar med song, drama og bøn. Opplegget vart gjennomført i Dale og Guddal. I Guddal deltok 8 barn født 2001-2003, oppslutnad 100% I Dale deltok 12 barn, oppslutnad 57%. Oppslutnaden var totalt 69%

“Den store forteljinga” (10 – 11 år) for Minikonfirmantar

4 samlingar inkludert gudsteneste der dei får Konfirmantbibelen. Engasjere barna i ulike aktivitetar. Barna blir kjende med Bibelen og korleis den vart til. Førebu gudstenesta. Opplegget vart gjennomført i Dale og ytre Fjaler. 24 barn var med på opplegget - oppslutnaden var 77%.

Menneske med særskilte behov

2 samlingar inkludert gudsteneste. I januar kvart år har vi ei gudsteneste der menneske med utviklingshemming blir særleg invitert til å delta. Dei deltek på prosesjon, drama, forbøn og salmar med rørsler. Dei som deltek uttrykkjer glede over å delta.

Konfirmantundervisning og konfirmasjon (14-15-år)

23 samlingar med til saman 62 timar. Konfirmantdag. Natcup. Fasteaksjon. Medliturgar i gudstener gjennom året. Konfirmantmusikkgruppe. Eiga gudsteneste som avslutning på konfirmanthelg. Ulike aktivitetar gjennom året og stor spreing i tema som vert tatt opp i undervisninga og det vert lagt vekt på samtale. 32 ungdomar vart konfirmert - oppslutnaden var i år 100%.

Nord- sør-søndagsgudsteneste (14-18 år)

Gudsteneste med fokus på den diakonale dimensjonen kyrkja står i og å formidle den kristne nestekjærleiken. Gudstenesta er årleg på den søndagen det er TV-aksjon. Her deltek ungdomskoret, konfirmantar og elevar frå UWC (United World College) med song, tekstlesing, drama og bøn. Sosialt samvær med mat på Ljosheim etter gudstenesta. Oppslutnaden i år var noko mindre enn i fjor då det var rekordoppslutning. Det var likevel ei svært fin gudsteneste, og ei fin sosial samling på Ljosheim etterpå.

Kor

Kor har i årevis vore eit viktig trusopplæringsarbeid i Fjaler. Kantor Mark er musikalsk leiar for kora som også har sine egne styre der foreldra er med. I tillegg til å synge korsongar er kormedlemmer med i heile liturgien. I kora får barna lære salmar og songar, kjernetekstar i trusopplæringa og oppleve songglede saman med andre.

Kora er dei same, men tal på medlemmer varierer litt år for år, og dette året har vi hatt ein auke.

- Dale barnekor: 26 stk vårsemester (23 i 2011) og 32 stk haustsemester (29 i 2011),
- Guddal familiekor: 25 barn og 5 vaksne. (20 barn og 5 vaksne i 2011),
- Do Re Mi (frå Hellevik og Folkestad): 15 stk (16 i 2011) og
- Cantus: 25 stk (25 i 2011).

Ungdomskoret i Dale hadde i 2012 sitt første år i “drift”. Ungdomar som har vore konfirmantar har lenge deltatt på gudstener som forsongarar og med korsong. No er nokre tidlegare konfirmantar formelt organisert i ungdomskoret som syng fast på 5 gudstener i året. Dei er ni jenter og deltek når dei har høve til det.

Kora er på årlege turar og har også konsertar utanom Fjaler. Det er stor oppslutnad om turane der foreldra er med som sjåførar og leiarar. Kora bidreg også diakonalt med konsertar på Sjukeheimen. Dei ulike kora har sine egne årsmeldingar som gir utfyllande opplysningar om aktiviteten.

Laurdagsklubb / Søndagsskule (Tilknytt Søndagsskulen Norge)

Ved Laurdagsklubben i Dale på Ljosheim er Gro og Knut Arne Kummeneje og Joy Taylor ansvarlege. Her var 61 barn innom i løpet av året og 44 av dei betalte medlemspengar. Laurdagsklubben syng i 4-årsgudstenesta og i barnas påskekudsteneste. Saman med soknerådet arrangerer dei julefesten på Ljosheim der dei framfører julespel. Laurdagsklubben i Guddal er for tida “sovande” i påvente av fleire medhjelparar. Dette året har det også vore liten aktivitet i søndagsskulane på Hovland og Ytre Fjaler.

Framover

Vi ser fram til, og håper, at biskopen godkjenner “Ny grunnordning for Fjaler” - ny gudstesteliturgi utan motsegn. Soknerådet har vedteke at gudstesteliturgien skal vere slik som i dag i fire år, til 2016 og deretter skal den evaluerast. Likeeins ser vi fram til å få godkjent trusopplæringsplanen for Fjaler. I den utvida planen som har tiltak for alle aldersgrupper frå 0 til 18 år, har vi fleire tiltak som vi ikkje har menneskelege ressursar til å gjennomføre blant dei tilsette. Vår største utfordring er å rekruttere fleire engasjerte frivillige medarbeidarar som kan hjelpe oss med å gjennomføre tiltaka. Vi gler oss stort, og er stolte av alle dei gode trusopplæringsiltaka vi gjennomfører – inkludert kor – og den gode oppslutnaden om tiltaka våre. Difor ser vi optimistisk framover. Som nemnt tidlegare går det truleg mot oppløysing av trusopplæringsseininga Fjaler – Gaular. Fjaler ønskjer truleg då å bli ei sjølvstendig eining. Vi håper på auka samarbeid med ulike organisasjonar, som med NMS om misjonsgudsteneste, misjonsprosjekt og misjon i trusopplæringa. Om bruopninga i desember 2013 vil opne for samarbeid med Askvoll sokn, vil vise seg i framtida. Forsøk, søknad og innføring av ny gudstesteliturgi, søknad om godkjenning av ny gudstestestordning, og ikkje minst utarbeiding av trusopplæringsplanen, har vore kolosalt mykje “jobbing” der tilsette har strekt seg langt. Enno er ikkje alt planarbeidet i boks, men resten får vi ta litt over tid. Sentralkyrkjelege instansar krev også at vi har kyrkjemusikkplan, og i tillegg diakoniplan. Trusopplæringsplanen inneheld både kyrkjemusikk og diakoni, så det blir å hente ting derifrå og “spe på” med tiltak for aldersgrupper over 18 år. Men først må vi få svar på godkjenningssøknadane vi har sendt inn, så får sjå kva vi får til etter kvart.

Fyndord

TÅLMODIG HERRE

Du venta i stilla, Herre,
men eg kom ikkje inn til deg.
Det var for mykje å gjere,
for mykje som opptok meg.

Du venta i stilla, Herre,
såg kor eg strevde med alt,
ville meistre livet åleine,
men kjende at det var galt.

Du venta i stilla, Herre,
tålmodig venta du meg,
i medgangen såg eg ikkje
at eg verkeleg trenger deg.

Du ventar i stilla, Herre,
stadig ventar du oss.
Din evige kjærleik, Herre,
gjer at du ventar på tross.

VERDIBØRSEN

Det er ikkje fordi du er fin du er viktig
eller fordi du har kapasitet.
At kle skape folk er o grunn' ikkje riktig,
men det er det slett ikkje alle som vet.

Vi har ein tendens til å stadig vurdere
og måle verdi etter høgde og vekt,
og endåtil etter bakgrunn rangere,
for den som blir ramma er det ikkje kjekt.

I vår Fars auge er vi alle unike,
elska åleine fordi vi er til.
Frå Skaparens hand vart vi forma ulike,
vere kopi, er det det du vil?

Det er fordi du er til du er viktig,
Gud har ein plan for kvar einaste ein.
At du er deg, det veit eg er riktig,
i Guds auge er du ein edelstein.

TRØYSTA KVARANDRE

La det spire det som spire skal
og gro det som skal gro,
la kjærleiken bli balsam for
alt det vi ikkje forstod.

Tenn stjerner av håp på himmelen
som kan lyse opp vår veg,
så vi i tillit kan våge ta
både små og store steg.

Eg veit det kosta å få sagt det,
men det lækjer når det svir,
dei tankar du set ord på
gjer at nokon får kvar gong du gir.

Mange treng det du fekk lære,
del din lærdom med oss, då.
Di erfaring gjer ein forskjell,
den kan hjelpe oss å gå.

Linda Austnes frå boka TIMEN Å LEVE I – Lunde forlag.

I kyrkjelyden sidan sist

Dale

Døypete:

Ludvik Giskesson Ness

Eiril Sagevik

Jana Grosse

Sindre Espedal

Christian Halldor Willemoës Systaddal

Avdøde:

Anton O Myklebust f. 1929

Georg Løseth f. 1924

Audhild Hovland f. 1938

Konrad Sunde f. 1926

Ivar Hagenlund f. 1923

Inger Heggheim f. 1920

Helge Per Helgesen f. 1938

Folkestad

Avdøde:

Nora Hofland f. 1930

Karoline Lutentun f. 1918

Hellevik

Avdøde:

Olav Konrad Standnes f. 1933



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne. Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid. Ta gjerne kontakt!

PÅSKEVANDRING I FJALER

I samband med trusopplæringa, inviterer kyrkja i Fjaler alle døypte som er født i 2004 til å vere med på påskevandring.

I **Dale** kyrkje blir påskeboka delt ut i Barnas påskegudsteneste **søndag 14. april** kl. 11.00 – med påskevandring laurdag 13. april kl. 10.30-12.00 på Ljosheim, i kyrkja og området omkring. I **ytre Fjaler** blir påskeboka delt ut

søndag 14. april kl. 16.00 i Folkestad kapell der det er Barnas minipåskegudsteneste, kombinert med Do-Re-Mi sin vårkonsert. I **Guddal** blir påskeboka delt ut i gudsteneste palmesøndag kl. 11.00. På grunn av små kull, blir det påskevandring i ytre Fjaler og Guddal eit anna år.

Påskevandringa er ei vandring gjennom påska.

Palmesøndag rei Jesus inn i Jerusalem for siste gong.

Når vi kjem til **skjærtorsdag**, får vi høyre om då Jesus vaska føtene til læresveinane, og gav dei påskemåltidet.

I **Getsemanehagen** fall Jesus ned på kne og bad for livet sitt.

Langfredag døydde Jesus på krossen.

Påskemorgon steig den krossfeste Jesus ut av grava.

Tomas var ikkje saman med dei andre læresveinane då Jesus viste seg for dei. "Vi har sett Herren." sa dei til han.

Men Tomas trudde dei ikkje.

Den oppstadne Jesus møtte disiplane òg ved Tiberiassjøen der han hjalp dei å få fisk.

Alle i målgruppa får tilsendt brev, men set gjerne av datoen allereie no, slik at du får med deg påskevandringa i 2013. Vel møtt!

KAK

9- og 10-åringar i Ytre Fjaler på påskevandring i Folkestad kapell.



Trusopplærar – Statlege trusopplæringsmidlar

Trusopplærar Stine Kirkeli slutta i stillinga 28. februar. Ho var tilsett i den 50 % stillinga innan trusopplæring som Fjaler sokn og Gaular sokn hadde saman, og som i hovudsak var finansiert av statleg tilskot. Vi takkar Stine for dei tre åra ho har jobba med trusopplæring hos oss.

Frå og med andre halvår 2007 fekk Fjaler og Gaular etter søknad, statlege trusopplæringsmidlar og har sidan då vore ei felles trusopplæringseining der Gaular sokn har hatt arbeidsgjeveransvaret for trusopplæaren. Etter tildelinga i 2007 har vi hatt to personar i stillinga. Først ein person i 100% stilling som sa opp etter to år.

Då alle sokna i Sunnfjord i 2010 fekk statlege midlar, vart tilskotet til eininga Fjaler – Gaular halvert. Dette medførte at vi ikkje lenger kunne søkje etter ein medarbeidar i 100 % stilling, men berre i 50 % stilling.

No når trusopplærarstillinga vart ledig, måtte vi ta ei ny vurdering av situasjonen.

Vi erfarer at berre 50 % stilling delt på to sokn med halvannan times reisetid mellom ytterpunktene av aktivitet, er ei for lita stilling. Dette er ei stilling der arbeidet mykje er knytt opp mot helg, og kanskje ikkje så interessant stilling å kombinere med anna stilling.

Fjaler sokn og Gaular sokn er difor samde om å be bispedømerådet om å løyse opp den felles trusopplæringseininga. Stillinga vil såleis ikkje bli lyst ut. Korleis vi best kan nytte det framtidige statstilskotet til trusopplæring, må vi bruke litt tid på å vurdere.



Trusopplæringsmedarbeidar Stine Kirkeli har slutta.

if

Velkommen til kyrkje

DALE KYRKJE

Sundag 17. mars kl.19.00

Gudsteneste. Samtalegudsteneste for heile Fjaler med konfirmantane. Kyrkjeskys. Offer til Alværa misjons-senter.

Tysdag 19. mars kl.20.00

Solidaritetskonsert. Kollekt til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Langfredag 29. mars kl.19.30

Gudsteneste. Solosong v/ Joy Taylor. Forsongarar frå Cantus deltek.

Påskedag 31. mars kl.11.00

Gudsteneste. Cantus deltek. Kyrkjeskys. Enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 14. april kl.11.00

Barnas påsegudsteneste. Utdeling av påskebok til 3. klasse. Laurdagsklubben deltek. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

Sundag 28. april kl.19.00

Syng-med-oss kveld med Cantus. Kveldsmat på Ljosheim etterpå. Kyrkjeskys. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk.

Sundag 5. mai kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste. Ungdomskoret deltek. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Fredag 17. mai kl.11.00

Gudsteneste. Barnekoret deltek. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

Pinsedag 19. mai kl.11.00

Gudsteneste. Cantus deltek. Enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Sundag 2. juni kl.19.30

Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane. Ungdomskoret deltek. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Sundag 16. juni kl.11.00

Gudsteneste. Enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja. Offer til SOS barnebyar.

Sundag 30. juni kl.11.00

Gudsteneste. Offer til Kyrkjas SOS Førde.

GUDDAL KYRKJE

Palmesundag 24. mars kl.11.00

Gudsteneste. Utdeling av påskebok til 3. klasse. Familiecoret deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

Helgetorsdag 9. mai kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste. Store frå familiecoret deltek. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Fredag 17. mai kl.13.00

Gudsteneste. Familiecoret deltek. Offer til Guddal familiekor.

2. pinsedag 20. mai kl.11.00

Barnas pinsegudsteneste. Familiecoret deltek. Innskriving av konfirmantane. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Måndag 24. juni Jonsokdagen kl.11.00

Gudsteneste. Misjonsbasar på grendehuset etterpå. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

HELLEVIK KAPELL

Skjærtorsdag 28. mars kl.11.00

Gudsteneste. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 9. juni kl.11.00

Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane i Ytre Fjaler. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

FOLKESTAD KAPELL

Påskedag 31. mars

kl.19.15 Miniorgelkonsert ved Mark Taylor.
kl.19.30 Gudsteneste. Egil Furenes deltek med felespel på gudstenesta. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 14. april kl.16.00

Barnas påsegudsteneste og vårkonsert med Do Re Mi. Utdeling av påskebok til 3. klasse. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Sundag 12. mai kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Fredag 17. mai kl.11.00

Gudsteneste. Offer til Folkestad bedehusapell.

Pinsedag 19. mai kl.19.30

Gudsteneste. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Sundag 23. juni kl.11.00

Gudsteneste. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

STEIESTØLEN**Langfredag 29. mars kl.11.00**

Friluftsgudsteneste ved Røde Kors hytta

STRAUMSNES GRENDAAHUS**Sundag 21. april kl.14.00**

Gudsteneste. Kyrkjekaffi. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

FJALER SJUKEHEIM**2. påskedag 1. april kl.11.00**

Gudsteneste.

Tysdag 21. mai 3. pinsedag kl.15.45

Gudsteneste.

Konfirmantar 2013**Dale 5. mai kl.11.00**

Kristoffer Håland Birkeflet
Tuva Elisabeth Garre-Fivelsdal
Silje Tennebø Jørgensen
Ronja Helle
Eldar Kveane
Lea Marie Kråkenes
Jarle Ness
Nikolai Selvåg
Tarald Skaar
Astrid Solheim
Ole-Robert Solheim
Sander Rørvik Solheim
Benjamin Dohm Strandenes
Lovise Estelita Øverås
Karoline Elise Aarseth Åsnes

Guddal 9. mai kl.11.00

Jenny Boge

Folkestad**12. mai kl.11.00**

Lene Helle Furset
Thord Landro Lone
Rose-Sofie Folkestad

**Kyrkjeblad for Fjaler**

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 175 / 200 for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrjekontoret, pb 18, 6961 Dale.

Telefon 57 73 97 70

Kyrjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve kontoret stengt også når det skulle vore ope.

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Lilja Kristin Thorsteinsdottir

jobb: 57 73 97 75 priv: 57 73 63 01

mobil: 456 38 846

sokneprest@fjaler.kyrkja.no

Spesialprest Knut Arne Kummeneje

jobb: 57 73 97 73 mobil: 908 55 230

knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde

jobb: 57 73 97 71 mobil: 992 38 420

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

Kantor Mark Taylor

jobb: 57 73 97 74 priv: 57 73 61 65

mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Joy Taylor

jobb: 57 73 97 72

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

På kontoret: Tysdag og fredag kl.9-13

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje og kyrkjegard

Jostein Løseth tlf: 906 07 913

Guddal kyrkje og kyrkjegard

Liv Svanhild og Reidar Langeland

tlf: 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad bedehusapell

Sigrd Kleppe tlf: 57 73 53 57

Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes

tlf: 57 73 55 95 mobil: 905 60 416

Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.



Martine Håland er blant ungdomen som deltek på solidaritetskonserten 19. mars. Ho forventar at mange kjem for å høyre fin musikk og støtte ei god sak.

DØR-TIL-DØR-AKSJON i Fjaler Måndag og tysdag 18.-19. mars

Også i år vil vi i kyrkjelydane i Fjaler gjennomføre ein dør-til-dør-aksjon på aksjonsdagen til Kirkens Nødhjelp – i veka før palmesøndag. Størsteparten av dei som går er konfirmantar, men også andre bøsseberarar deltar i aksjonen.

I år vert dør-til-dør-aksjonen måndag 18. og tysdag 19. mars, ettermiddag og kveld. Vi avsluttar med Solidaritetskonserten i Dale kyrkje tysdag 19. mars kl.20.00 Vi oppmodar alle til å ta godt imot bøsseberarane våre! Ditt bidrag er veldig viktig! Ha kontantar i huset!

Du kan lese meir om Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon på side 6 i bladet.

Solidaritets- konsert

Tysdag 19. mars kl. 20.00 blir det solidaritetskonsert i Dale kyrkje. Konserten er open for publikum i alle aldrar, og artistane er ungdom, med særleg tanke på 16-18 åringar. Det blir innslag med band og med akustisk song av ungdom frå Kulturskulen, UWC og andre.

Temaet for kvelden og songane som blir framførte er solidaritet, d.v.s. fokus på menneskerettar, takksemnd for fridomen vår, å kjempe for andre sine rettar og liknande. Ungdomen sjølv har valt songar som passar til temaet. Solidaritetskonserten blir knytt opp mot Kirkens Nødhjelp sin årlege fasteaksjon. Vi håpar at mange vil stoppe opp no i fastetida og bli utfordra til etisk refleksjon over dei store spørsmåla i livet og til sjølvstendige val.

Konserten er arrangert i samarbeid med ungdomens kommunestyre, kulturskulen, og United World College. Ungdomen forventar stort innrykk i kyrkja denne kvelden! Kollekt til Kirkens Nødhjelp. Vel møtt!

SAMAN FOR ANDRE
17.-19. mars 2013

Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2013

Send **GAVE** på sms til **2468** (200 kr) eller ring **820 44 088** (200 kr) eller benytt kontonummer **1594 22 87493**

KIRKENS NØDHJELP
actalliance